

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 22. november 2017

Frå: Fylkesrådmannen

Regional kompetansestrategi - oppsummering og vidare arbeid

Dette notatet baserer seg på vedlagde dokument, og gir status for korleis arbeidet med regional kompetansestrategi går framover.

Fylkesrådmannen ønskjer ut frå dette å arbeide vidare med regionale kompetansestrategiar slik det er skissert nedanfor, og ber no om FU sine eventuelle merknader.

Stortingsproposisjon 84 S (2017) definerer kompetanse som eitt av områda der fylkeskommunane har fått eit utvida samfunnsoppdrag, og legg vekt på at større fylkeskommunar kan styrkje den strategiske rolla til regionalt folkevalt nivå i utviklinga av den regionale kompetansepolitikken. I dette arbeidet vert det lagt vekt på behovet for ei meir systematisk koordinering av innsats og ressursar regionalt for betre å utnytte kompetanse, samspel og arbeidsdeling mellom ulike aktørar på regionalt nivå.

Telemarksforsking sin tilrådingar er at vi følgjer opp følgjande 4 innsatsområde i det vidare arbeidet; verdiskaping, kompetansebehov, utdanningsstrategiar og bustadattraktivitet/ekstern rekruttering. Det har og vore gjennomført ein forstudie med ulike tema innan alle disse områda, jf. notat til Fylkesutvalet 6. mars 2017. Fylkesrådmannen er pr. dato innstilt på at vi går vidare med dei tre første innsatsområda, men at det fjerde – eit prosjektarbeid retta mot kommunane med sikte på utvikling av bustadattraktivitet i fylket – førebels blir lagt til side. Dette vil truleg måtte bli eit høvesvis stort prosjekt og det vil og kunne liggje (for) nær opp mot noko av det regionale plan-arbeidet vårt som alt er gitt prioritet. Det er viktig at vi – overfor kommunane – samordnar arbeidet vårt.

NAV Sogn og Fjordane sine overordna vurderingar konkluderer med at manglande kapasitet og kompetanse i arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane er ei utfordring – både på kort og lang sikt. Dei tilrår at merksemda vert retta mot meir langsiktig kompetanseutvikling, både i og utanfor arbeidsstyrken. Arbeidet med utvikling av regionale kompetansestrategiar legg opp til meir løpande utvikling av strategiar og tiltak, og så langt er følgjande utviklingsområde prioritert med følgjande delkonklusjonar:

1. Verdiskaping:

IT-forum etablerer eit regionalt partnerskap i arbeidet med å identifisere potensialet for fellessatsingar innan digitalisering i kommunal sektor. Som ledd i dette arbeidet må roller og ansvar avklarast, inkl. fylkeskommunen si rolle.

2. Arbeidskraftbehov

Basert på NAV sin analyse og vurdering medfører manglande kapasitet og kompetanse i arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane ei utfordring – både på kort og lang sikt. Utfordringane set krav til utvikling av strategiar og tiltak for å utvikle arbeidsstyrken, og set auka krav til samhandling og mobilisering.

3. Utdanningsstrategiar

Følgjande strategiske mål for utvikling av regionale utdanningsstrategiar er sentrale for det vidare arbeidet:

1. Legge til rette for heile og attraktive utdanningsløp som gjer at kompetansen og arbeidskrafta i større grad blir i Sogn og Fjordane.
2. Styrke rekrutteringa til real- og yrkesfagutdanningar.

a) Høgskuleutdanning

Utvikling av Campus Sogndal og Campus Førde (HVL si namngjeving) er avgjerande for å utvikle arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane. Høgskulen på Vestlandet må, i samarbeid med regionale aktørar, legge til rette for utviklingsstrategiar for Campus Sogndal og Campus Førde som er i tråd med plattformen for høgskulefusjonen.

b) Fagskuleutdanning

Stortinget har vedteke at fagskulen får status som høgare yrkesfagleg utdanning (høgskulestatus). Vedtaket gir eit grunnlag for vidareutvikling av kvalitet i fagskuleutdanninga, og vil styrke saman-hengen i utdanningsløpa. Fagskulen i Sogn og Fjordane sin utviklingsstrategi vil bidra til å styrke skulen si regionale rolle.

c) Fag- og yrkesopplæring

Utvikling av eit breitt kunnskapsgrunnlag er viktig som grunnlag for strategiar og tiltak som aukar gjennomføringsgraden i fag- og yrkesopplæringa. Fylkeskommunen vil, saman med aktuelle regionale aktørar, utvikle strategiar og tiltak for å nå målsettingane for auka gjennomføring.

d) Etter- og vidareutdanning

Ei meir systematisk satsing på etter- og vidareutdanning bør også sjåast i samanheng med fagskulen sitt prosjekt for utvikling av eit næringsretta kurs- og kompetansesenter. Fagskulen i Sogn og Fjordane bør ta ei leiande rolle i den regionale partnerskapen for utvikling av næringsretta strategiar for etter- og vidareutdanning.

e) Vaksne – vidaregåande opplæring

Utviklingspotensialet innan vidaregåande opplæring for vaksne og vurdering av konsekvensar ved ei auka satsing innan dette området treng utgreiast. Fylkeskommunen tek initiativ til etablering av eit forprosjekt saman med aktuelle regionale aktørar.

f) Teknologifaget i grunnopplæringa

Ei sterkare regional satsing på teknologifaget i grunnutdanningane er viktig for å styrke rekruttering til real- og yrkesfaga. Fylkeskommunen tek initiativ til etablering av eit forprosjekt saman med KS, gjennom samarbeidsforum for kvalitet i grunnopplæringa.

Som ein del av det vidare arbeidet vert det også lagt opp til å utforme og gjennomføre ein formidlingsstrategi for arbeidet med regional kompetansestrategi.

